

## Referat frå årsmøtet i Jøsneset bygdaråd

Møtet var i Trivselstova torsdag 23.02.17

Møtestart 19.00

Antall frammøtte: 17

Ordførar, Bjørn Laugaland, deltok på møtet.

### 1. Val av møteleiar

Leiar: Odd Fosså

Skrivar: Rasin Tjeltveit

### 2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes godkjend

### 3. Årsmelding og rekneskap for Bygdarådet 2016, og budsjettforslag for 2017

Samrøystes godkjende

### 4. Årsmelding og rekneskap for Jøsneset bedehus 2016, og budsjettforslag for 2017

Samrøystes godkjende.

Trygve Brandal, som er leiar i bedehusstyret, orienterte i tillegg om at det muligens snart trengs eit par nye styremedlemmer, og at dei då eventuelt må ut på bygda og spørje etter friviljuge til dette.

På møtet kom det fram forslag om at leiar i bygdarådet eller andre styremedlemmer der burde vere aktuelle.

### 5. Val

Odd Fosså og Sven Gil Westersjø gjekk ut etter 6 år i styret.

Valkomiteen sitt forslag blei samrøystes vedteke.

Unni Fossaa – leiar for 1 år.

Rasin Tjeltveit - attval for 2 år.

Nye styremedlemmer – Svanhild Hjorteland og Brahim Gbada for 2 år.

Varamedlemmer – Jarle Langvik og Øyvind Oaland for 1 år.

Valnemd – Berit S. Hjorteland gjekk ut, medan Odd Fosså blei valde for 3 år.

Revisor – ikkje på val.

### 6. Grendahusfunksjon – status pr i dag, organisering og drift vidare

Leiar, Odd Fosså, orienterte om den pågåande saka. Han henstilte til slutt ordføraren om at lekasjen i taket på gym.bygget og problema med overflatevatn på skuleplassen blir ordna før bygda tek over bygningane.

Ordføraren orienterte så om at saka var prioritert, og han rekna med at det innan få veker skulle vere klart for forhandlingar mellom bygdaråda og kommunen om avtalane for overtaking.

Styret i bygdarådet blei gitt fullmakt til å lage ei gruppe som har ansvar for at planlegging, oppussing og vedlikehald av bygningane blir utført. Når gruppa har laga forslag til tiltak og arbeidsplan, blir det innkalla til allmøte.

Odd Fosså, Silje Sværen og Sven Gil Westersjø sa seg viljuge til å vere med i denne gruppa.

**7. Forslag til nye utlånsattsar for bord/stolar.**

Det blei vedtatt å auke desse til 20 kr for bord og 5 kr for stolar.

**8. Smashing Jøsneset 2017 – orienteringsak**

Odd Fosså orienterte om dette. Hilde Selvikvåg skal ha konsert, og Goggen skal spele opp til dans. Arbeidet med å skaffe sponsorar er i gong. Bl.a. vil Marin Harvest vere hovudsponsor og gir dermed 25 000 kr til tiltaket.

**9. Eventuelt**

Odd Fosså la fram Bygdarådet sin årsplan for 2017.

Ordføraren henstilte til å følgje med i arbeidet med det pågåande arbeidet med ny kommuneplan og at ein kom med eventuelle innspel i denne prosessen.

Til slutt overrekte Unni T Fossaa blomar til Odd og Sven. Ho ga dei og mange lovord for deira innsats og pågangsmot i dei 6 åra dei har vore med i styret.

Rasin Tjeltveit  
Sektær